

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.06.2014

Birte Markeseth Aasen var til stede under møtet og informerte rådet om saka.

Vedtak

Fylkeseldrerådet ynskjer å kome med følgjande endringar til mandatet til rådet slik det føreligg frå administrasjonen:

I tillegg til det som er nemnt under punkt 2. ynskjer fylkeseldrerådet at følgjande kjem i tillegg:

- *Rådet kan ta opp sakar som gjeld eldre i fylket.*
- *Rådet kan samarbeide og ha kontakt med kommunale eldreråd og Statens seniorråd.*
- *Rådet kan samarbeide med andre organisasjonar.*

Under punkt 4 ynskjer Fylkeseldrerådet å leggje til ordet høveleg, slik:

Fylkesrådmannen sytar for høveleg sekretariat for rådet.

Fylkeseldrerådet ønskjer eit nytt punkt 5 slik:

5. Økonomi

Fylkeseldrerådet fylgjer dei generelle retningsliner når det gjeld økonomi, som godtgjersle og reise- og opphaldsutgifter.